



Innkalling
av
Kommunestyret

Møtedato: 15.10.2019
Møtestad: Kantina, Nordhordlandshallen
Møtetid: 12.00 - 20.00

Eventuelle forfall må meldast til Folkevalde@lindas.kommune.no
Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
066/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
067/19	Godkjenning av møteprotokoll - 26.09.2019
068/19	Kommuneplanen sin arealdel for Lindås 2019-2031 - Framlegg til 2. gangs handsaming - planid 1263-201805
069/19	Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen(2019-2031) med planID 1263-201701 - framlegg til 2.gangs handsaming

11. oktober 2019

Astrid Aarhus Byrknes
møteleiar

Tove Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
066/19	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	19/2838

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
067/19	Kommunestyret	PS	15.10.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	19/2838

Godkjenning av møteprotokoll

32T

Protokoll - Kommunestyret - 26.09.2019

Møteprotokollen vert godkjent

Saksopplysningar:

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 26.09.2019
Møtestad: Nordhordlandshallen, kantina
Møtetid: 12:00 - 18:30

Det vert fotografering av kommunestyret kl. 11:30. Alle må møte senest kl. 11:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Nina Bognøy	AP	Varaordfører
Dag Hugaas	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Leidulv Brunborg	AP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Andreas Dyngen	Uavh	Medlem
Gro Anita Høgquist	H	Medlem
Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Medlem
Karl Vågstøl	H	Medlem
Ingrid J.Fjeldsbø	H	Medlem
Olav Magnus Steinsland	H	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Ordfører
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Leif Hosøy Sleire	KRF	Medlem
Odd Leif Mjøs	KRF	Medlem
Bent Risøy	KRF	Medlem
Vetlemøy Wergeland	KRF	Medlem
Sæbjørg Hageberg Kjeka	KRF	Medlem
Malin Helene Andvik	KRF	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem
Anna K.Valle	SP	Medlem
Jarle Vassdal	SP	Medlem
Jørgen Herland	SP	Medlem
Håkon Reigstad	SP	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem
Anita Bakken	MDG	Medlem
Leif Erik Gullanger	SV	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Hogne Brunborg	AP	Medlem

Tove Linnea Brandvik	AP	Medlem
Bjarte Vatnøy	FRP	Medlem
May Eva Sandvik	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Mette Marei Træland	AP	Tove Linnea Brandvik
Espen Foseid Aakre	AP	Hogne Brunborg
Dan Olsen	FRP	Bjarte Vatnøy
Henning Fyllingsnes	H	May Eva Sandvik

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-ass.rådmann, Kaia Marie Amland-rådgevar plan, Line Merete Valle-eigedomssjef, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Trond Engelsen-prosjektleiar, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
049/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
050/19	Godkjenning av møteprotokoll
051/19	Melding frå kontrollutvalet - 11.09.2019
052/19	Forvaltningsrevisjon, Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø
053/19	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn
054/19	Robuste bustader - rus- og psykiatri
055/19	Søknad: Miljø standplassbygg Lindås skyttarlag
056/19	Lonena områdeplan - framlegg til 2. gongshandsaming - plan-ID 1263-201610
057/19	Økonomisk kompensasjon Fisketangen
058/19	Godkjenning av framforhandla utbyggingsavtale mellom Lindås kommune og Kvassnesvegen 32 for delområde BS17-1 BS18 innanfor områdeplan Knarvik sentrum
059/19	Avtale om makebyte av areal i Knarvik sentrum
060/19	Makebyte vedrørande ny gravplass på Lindås
061/19	Makebyte 1
062/19	Nasjonal ramme for vindkraft på land - tilleggsuttale frå Lindås kommune
063/19	Godtgjersle folkevalde i overgangsperioden 17.10.2019 - 31.12.2019
064/19	Melding/orientering til kommunestyret 26.09.2019
065/19	Pilotprosjekt trafikksikring av skuleveg Leknes skulekrins - Midlar til tiltak på kommunalt vegnett

049/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Ingen merknader, samrøyste.

KO - 049/19 VEDTAK:

Innkalling og saksliste er godkjent

050/19: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

26.09.2019 Kommunestyret

Håkon Reigstad, medlem, mangler under frammøtte i protokollen. Dette vert retta opp. Ellers ingen merknader, samrøystes.

KO - 050/19 VEDTAK:

Møteprotokollen er godkjent med endring.

051/19: Melding frå kontrollutvalet - 11.09.2019

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

26.09.2019 Kommunestyret

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - 051/19 VEDTAK:

Meldinga er teke til orientering.

52/19: Forvaltningsrevisjon, Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune.

Rådmannen vert beden om å kome med ei tilbakemelding til kontrollutvalet i møte den 27.11.19 om korleis tilrådingane i rapporten vert følgd opp.

26.09.2019 Kommunestyret

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - 052/19 VEDTAK:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten i samarbeid med dei andre

kommunane som skal inn i Alver kommune.

Rådmannen vert beden om å kome med ei tilbakemelding til kontrollutvalet i møte den 27.11.19 om korleis tilrådingane i rapporten vert følgd opp.

053/19: Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret godkjenner avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn slik den ligg føre (vedlegg).

Rådmann får fullmakt til å godkjenne seinare mindre vesentlege revisjonar av avtalen, og peiker ut aktuelle kontaktperonar som representerer kommunen.

17.09.2019 Levekårsutvalet

Orientering til saka v/Leni Dale-kommunalsjef Helse og omsorg

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - 026/19 UTTALE:

Ingen merknader.

19.09.2019 Formannskapet

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 059/19 INNSTILLING:

Kommunestyret godkjenner avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn slik den ligg føre (vedlegg).

Rådmann får fullmakt til å godkjenne seinare mindre vesentlege revisjonar av avtalen, og peiker ut aktuelle kontaktperonar som representerer kommunen.

26.09.2019 Kommunestyret

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 053/19 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn slik den ligg føre (vedlegg).

Rådmann får fullmakt til å godkjenne seinare mindre vesentlege revisjonar av avtalen, og peiker ut aktuelle kontaktperonar som representerer kommunen.

054/19: Robuste bustader - rus- og psykiatri

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret tilrår at vurdert tomt i Kvassnesvegen vert nytta til etablering av robuste bustader med ei økonomisk ramme på 25 millionar.

16.09.2019 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Orientering til saka v/Trond Engelsen-prosjektleder og Line Valle-einingsleder Eigedom
Saka vert teke til orientering, ingen merknader.

RMNF - 030/19 UTTALE:

Ingen merknader.

17.09.2019 Levekårsutvalet

Leidulv Brunborg-Ap sa seg ugild grunna styreverv i Lindås tomteselskap, og deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Orientering til saka v/Trond Engelsen-prosjektleder Eigedom

Framlegg frå Sæbjørg H. Kjeka-Krf:

Levekårsutvalet tilrår ikkje at vurdert tomt i Kvassnesvegen vert nytta til etablering av robuste bustadar, men at ein vel alternativ 2 Hagellia. Kvassnestemma er JUVELEN i Knarvikplanen, og då er det uheldig å samla rusmisbrukarar like ved.

Framlegget fekk 4 røyster og fall (Øystein Moldeklev-Frp, Håkon Reigstad-Sp, Anita Bakken-Mdg, Sæbjørg H. Kjeka-Krf)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med leiar si dobbeltrøyst (5 røyster), (Asle Hetlebakke-Krf, Anne Karin Angelskår Eknes-Krf, Mette M. Træland-Ap, Olav Steinsland-H)

LE - 027/19 UTTALE:

Levekårsutvalet tilrår at vurdert tomt i Kvassnesvegen vert nytta til etablering av robuste bustader med ei økonomisk ramme på 25 millionar.

19.09.2019 Formannskapet

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 061/19 INNSTILLING:

Kommunestyret tilrår at vurdert tomt i Kvassnesvegen vert nytta til etablering av robuste bustader med ei økonomisk ramme på 25 millionar.

26.09.2019 Kommunestyret

L.Brunborg stilte spørsmål om habilitet som styremedlem i Lindås Tomteselskap AS. Kommunestyret gjord samrøystes vedtak om at L.Brunborg er inhabil i saka.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 054/19 VEDTAK:

Kommunestyret tilrår at vurdert tomt i Kvassnesvegen vert nytta til etablering av robuste bustader med ei økonomisk ramme på 25 millionar.

055/19: Søknad: Miljø standplassbygg Lindås skyttarlag

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Det blir ikkje gjeve økonomisk tilskot og lånegaranti til ny miljø standplassbygg til Lindås skyttarlag. Dette er ei vurdering som må opp i samband med ordinær budsjettprosess

17.09.2019 Levekårsutvalet

Orientering til saka v/Eileen Feste-Kst. kultursjef

Fellesframlegg:

Levekårsutvalet rår til at Lindås kommune gjev kr. 1.000.000,- i tilskot til bygging av miljøstandplass på Lindås skyttarlag sitt anlegg.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

LE - 028/19 UTTALE:

Levekårsutvalet rår til at Lindås kommune gjev kr. 1.000.000,- i tilskot til bygging av miljøstandplass på Lindås skyttarlag sitt anlegg.

19.09.2019 Formannskapet

Framlegg frå Krf, Sp, V ved L.Sleire-Krf:

Lindås kommune støttar søknad frå Lindås skyttarlag og gjev kr. 1 000 000 i tilskot til bygging av miljøstandplass på Lindås skyttarlag sitt anlegg.

Midlane vert løyvde frå disposisjonsfondet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO - 062/19 INNSTILLING:

Lindås kommune støttar søknad frå Lindås skyttarlag og gjev kr. 1 000 000 i tilskot til bygging av miljøstandplass på Lindås skyttarlag sitt anlegg.

Midlane vert løyvde frå disposisjonsfondet.

26.09.2019 Kommunestyret

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 055/19 VEDTAK:

Lindås kommune støttar søknad frå Lindås skyttarlag og gjev kr. 1 000 000 i tilskot til bygging av miljøstandplass på Lindås skyttarlag sitt anlegg.

Midlane vert løyvde frå disposisjonsfondet.

056/19: Lonena områdeplan - framlegg til 2. gongshandsaming - plan-ID 1263-201610

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret i Lindås vedtar områdeplan for Lonena – plan-ID 1263-201610 i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, med dei endringane som er lagt fram i saka. (Rådmannen si tilråding).

18.09.2019 PLAN- OG MILJØUTVALET

Framlegg som vart lagt fram i møte:

Plan- og miljøutvalet si endring til rådmannen sitt framlegg:

- 6.3.2 Før det kan gjevast igangsettingsløyve for meir enn 100 bustadar innanfor områdeplanen og *for alle byggjeområder* langs Lonsvegen, må venstresvingefelt E39-Lonsvegen vere ferdig opparbeida.
- 6.3.3 Byggjeområdene i områdeplanen og *alle byggjeområder* langs Lonsvegen kan ikkje utbyggast med meir enn 500 bustader.

Framlegget vart samrøystes vedteke

Framlegg frå S. Hauge-Ap:

Rådmannen sitt framlegg med protokolltilførsel

Protokolltilførsel:

Plan- og miljøutvalet ber Kommunestyret om å starte opp ein prosess med å få kjøpt friområdet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PM - 081/19 INNSTILLING:

Kommunestyret i Lindås vedtar områdeplan for Lonena – plan-ID 1263-201610 i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, med dei endringane som er lagt fram i saka. (Rådmannen si tilråding). I tillegg endring frå Plan- og miljøutvalet:

- 6.3.2 Før det kan gjevast igangsettingsløyve for meir enn 100 bustadar innanfor områdeplanen og *for alle byggjeområder* langs Lonsvegen, må venstresvingefelt E39-Lonsvegen vere ferdig opparbeida.
- 6.3.3 Byggjeområdene i områdeplanen og *alle byggjeområder* langs Lonsvegen kan ikkje utbyggast med meir enn 500 bustader.

26.09.2019 Kommunestyret

Framlegg frå A.Bakken-MDG:

MDG meiner at ansvar for å førebu vidare vekst om samordning av det helhetlige planbehovet for nye bustader må leggjast til det nye kommunestyre i Alver kommune, dette bør og gjelda for framdriftsplanen til det planlagde utbyggingsområde i Lonena.

MDG foreslår derfor å utsette vidare handsaming av områdereguleringsplanen for Lonena til det nye kommunestyret i Alver kommune.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (A.Bakken-MDG, L.E.Gullanger-SV og S.Toft-V)

Innstillinga frå plan- og miljøutvalet vart vedteke mot 1 røyst, A.Bakken-MDG.

Framlegg til protokollmerknad frå S. Toft-V:

"Kommunestyret ber om at det i ei eventuell detaljregulering vert lagt til grunn at antal bueiningar ikkje overstig 300 til saman "

Protokollmerknaaden fekk 10 røyster, S.Toft-V, L.E.Gullanger-SV, A.Bakken-MDG, O.L.Mjøs-KRF, A.AA.Byrknes-KRF, S.Kjeka-KRF, A.K.Valle-SP, J.Herland-SP, J.Vassdal-SP og H.Reigstad-SP.

Framlegg frå S.Hauge-Ap:

Kommunestyret bed rådmann om å starte opp prosessen med å få kjøpt ut friområde i Lonane - Plan-id 1263-201610

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO - 056/19 VEDTAK:

Kommunestyret har vedteke områdeplan for Lonena – plan-ID 1263-201610 i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, med dei endringane som er lagt fram i saka. (Rådmannen si tilråding), med følgjande endring:

- 6.3.2 Før det kan gjevast igangsettingsløyve for meir enn 100 bustadar innanfor områdeplanen og *for alle byggjeområder* langs Lonsvegen, må venstresvingefelt E39-Lonsvegen vere ferdig opparbeida.
- 6.3.3 Byggjeområdene i områdeplanen og *alle byggjeområder* langs Lonsvegen kan ikkje utbyggast med meir enn 500 bustader.

Kommunestyret bed rådmann om å starte opp prosessen med å få kjøpt ut friområde i Lonane - Plan-id 1263-201610

057/19: Økonomisk kompensasjon Fisketangen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Rådmannen legg saka fram til politisk avgjerd

19.09.2019 Formannskapet

Det var stilt spørsmål ved habiliteten til Bjarte Vatnøy, formannskapet gjorde samrøystes vedtak om at B.Vatnøy er habil i denne saka.

Framlegg frå I.Fjeldsbø-H:

Formannskapet gir kr 500 000 i kompensasjon for langvarig og uryddig prosess for å få avslutta saka.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (I.Fjeldsbø-H, J.Vassdal-Sp, L.Sleire-Krf, B.Vatnøy-Frp og N.Øvreås-Frp)

Framlegg frå A.Byrknes-Krf og N.Bognøy-AP:

Formannskapet legg til grunn at ei makebyteavtale ikkje lar seg gjennomføra og bed rådmannen gå i forhandlingar med grunneigarar om kjøp av Storskjeret.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster.

FO - 067/19 INNSTILLING:

Formannskapet legg til grunn at ei makebyteavtale ikkje lar seg gjennomføra og bed rådmannen gå i forhandlingar med grunneigarar om kjøp av Storskjeret.

26.09.2019 Kommunestyret

Tilleggsframlegg frå N.Bognøy-AP og A.Byrknes-Krf:

Dersom ein ikkje kjem til semje vert saka avslutta.

Innstillinga frå formannskapet med tillegg vart vedteke mot 1 røyst (Ø.Moldeklev-Frp)

KO - 057/19 VEDTAK:

Formannskapet legg til grunn at ei makebyteavtale ikkje lar seg gjennomføra og bed rådmannen gå i forhandlingar med grunneigarar om kjøp av Storskjeret.

Dersom ein ikkje kjem til semje vert saka avslutta.

**058/19: Godkjenning av framforhandla utbyggingsavtale mellom Lindås kommune og Kvassnesvegen 32 for delområde BS17-1 BS18 innanfor områdeplan Knarvik sentrum
Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

1. Lindås kommune godkjenner utbyggingsavtalen datert 7.6.2019 med Kvassnesvegen 32
2. Ordfører signerer avtalen på vegne av Lindås kommune

19.09.2019 FORMANNSKAPET

Bjarte Vatnøy stilte spørsmål om habilitet i denne saka. Formannskapet gjorde vedtak om at B.Vatnøy er inhabil i saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 064/19 /INNSTILLING:

1. Lindås kommune godkjenner utbyggingsavtalen datert 7.6.2019 med Kvassnesvegen 32
2. Ordfører signerer avtalen på vegne av Lindås kommune

26.09.2019 Kommunestyret

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 058/19 VEDTAK:

1. Lindås kommune godkjenner utbyggingsavtalen datert 7.6.2019 med Kvassnesvegen 32
2. Ordfører signerer avtalen på vegne av Lindås kommune

059/19: Avtale om makebyte av areal i Knarvik sentrum

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Lindås kommune og Coop gjennomfører makebyte av areal i Knarvik sentrum slik det går fram av avtalen som er lagt fram i saka.

19.09.2019 Formannskapet

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 066/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

- Lindås kommune og Coop gjennomfører makebyte av areal i Knarvik sentrum slik det går fram av avtalen som er lagt fram i saka.

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 059/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

- Lindås kommune og Coop gjennomfører makebyte av areal i Knarvik sentrum slik det går fram av avtalen som er lagt fram i saka.

.....

060/19: Makebyte vedrørende ny gravplass på Lindås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret rår til at makebyte mellom Lindås kommune og Lindås Tomteselskap vert gjennomført slik skildra i saka.

.....

19.09.2019 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 065/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Kommunestyret rår til at makebyte mellom Lindås kommune og Lindås Tomteselskap vert gjennomført slik skildra i saka.

.....

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Leidulv Brunborg stilte spørsmål ved habilitet som styremedlem i Lindås Tomteselskap AS, kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at L.Brunborg er inhabil i denne saka. Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 060/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Kommunestyret rår til at makebyte mellom Lindås kommune og Lindås Tomteselskap vert gjennomført slik skildra i saka.

.....

061/19: Makebyte 1

19.09.2019 FORMANNSKAPET

Utkast frå ekstraordinær generalforsamling Lindås tomteselskap vart lagt fram i møtet:

Det vert vist til styret sine to utgreiingar for høvesvis makebyte 1 og makebyte 2.

Det generalforsamlinga skal ta stilling til, er om utkast til makebyteavtale 1 og utkast til makebyteavtale 2 skal godkjennast.

Generalforsamlinga skal då på vegne av Tomteselskapet vurdere om det er tilstrekkeleg verdibalanse i dei to makebyteavtalane. Som det går fram av styret sine utgreiingar for dei to makebyta, viser dei innhenta takstane at verdiane på makebyteobjekta balanserer kvarandre.

Frå Tomteselskapet si side er det ein klar føresetnad at dei makebyteobjekta selskapet skal motta frå kommunen, får endra planstatus. For makebyte 1 betyr det at arealet i Galtaråsen får endra planstatus til næring, for makebyte 2 betyr det at barnehagetomta i Alversund får endra planstatus til bustad.

Elles vil Tomteselskapet ikkje ha noko nytte av areala.

Vi har presisert dette i ein eigen e-post til kommunen ved assisterande rådmann Hogne Haugsdal.

Vi har skrive følgjande:

«Viser til de to avtalene om makebytte. Begge vil behandles i ekstraordinær generalforsamling den 19.september med innstilling fra styret i Tomteselskapet om at begge avtalene blir godkjent.

Vi legger til grunn følgende forutsetning:

For begge makebyttene gjelder det at makebytteobjektene fra kommunen får endret planstatus til det formål og i det omfang som er lagt til grunn i takstene som er innhentet. Dette forbeholdet er presisert i avtaleteksten i avtale om makebytte 2, men det samme gjelder for avtale om makebytte 1.»

Med dette vert generalforsamlinga invitert til å vedta følgjande

VEDTAK:

Dei fremlagde utkast til avtale om makebyte 1 og makebyte 2 vert godkjent.

Handsaming i formannskapet:

Framlegg frå S.Toft-V:

Kommunestyret vedtek at makebyte mellom Lindås kommune og Lindås tomteselskap AS vert gjennomført for makebyte 1.

Det vert vist til sak 2 i generalforsaamling i Lindås tomteselskap AS i møte 19.09.2019.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO - 070/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Kommunestyret vedtek at makebyte mellom Lindås kommune og Lindås tomteselskap AS vert gjennomført for makebyte 1.

Det vert vist til sak 2 i generalforsaamling i Lindås tomteselskap AS i møte 19.09.2019.

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Leidulv Brunborg stilte spørsmål ved habilitet som styremedlem i Lindås Tomteselskap AS, kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at L.Brunborg er inhabil i denne saka.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 061/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Kommunestyret vedtek at makebyte mellom Lindås kommune og Lindås tomteselskap AS vert gjennomført for makebyte 1.

Det vert vist til sak 2 i generalforsaamling i Lindås tomteselskap AS i møte 19.09.2019.

062/19: Nasjonal ramme for vindkraft på land - tilleggsuttale frå Lindås kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Lindås kommune gir tilleggsuttale til høyring om nasjonal ramme for vindkraft på land.
2. Tilleggsuttale heng saman med høyringsuttale gjeve i sak 47/19

.....

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - 062/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

1. Lindås kommune gir tilleggsuttale til høyring om nasjonal ramme for vindkraft på land.
2. Tilleggsuttale heng saman med høyringsuttale gjeve i sak 47/19

.....

063/19: Godtgjersle folkevalde i overgangsperioden 17.10.2019 - 31.12.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til politisk drøfting

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje utbetalt dobbel godtgjering. Av den grunn vert det berre utbetalt fast godtgjersle frå ein kommune, der den folkevalde ut året beheld den godtgjeringa som gjev best uttelling.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO - 063/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Det vert ikkje utbetalt dobbel godtgjering. Av den grunn vert det berre utbetalt fast godtgjersle frå ein kommune, der den folkevalde ut året beheld den godtgjeringa som gjev best uttelling.

064/19: Melding/orientering til kommunestyret 26.09.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

.....

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Alver kommune - status ved rådmann Ørjan Raknes Forthun.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - 064/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Meldinga er teke til orientering.

.....

065/19: Pilotprosjekt trafikksikring av skuleveg Leknes skulekrins - Midlar til tiltak på kommunalt vegnett

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Lindås kommune/Alver kommune ønskjer å delta i pilotprosjekt for trafikksikring av skuleveg Leiknes skulekrins.
- Kommunen forpliktar seg dermed til å fylgje opp med midlar til strakstiltak på eige vegnett i samband med trafikktryggleiksutgreiinga. Mulige kostnadar med tiltak på kommunale vegar i 2021 blir avklart i samband med økonomiplanprosessen for Alver hausten 2019.

.....

19.09.2019 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - 063/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

- Lindås kommune/Alver kommune ønskjer å delta i pilotprosjekt for trafikksikring av skuleveg Leiknes skulekrins.
- Kommunen forpliktar seg dermed til å fylgje opp med midlar til strakstiltak på eige vegnett i samband med trafikktryggleiksutgreiinga. Mulige kostnadar med tiltak på kommunale vegar i 2021 blir avklart i samband med økonomiplanprosessen for Alver hausten 2019.

.....

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - 065/19 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

- Lindås kommune/Alver kommune ønskjer å delta i pilotprosjekt for trafikksikring av skuleveg Leiknes skulekrins.
- Kommunen forpliktar seg dermed til å fylgje opp med midlar til strakstiltak på eige vegnett i samband med trafikktryggleiksutgreiinga. Mulige kostnadar med tiltak på kommunale vegar i 2021 blir avklart i samband med økonomiplanprosessen for Alver hausten 2019.

.....



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
068/19	Plan- og miljøutvalet Kommunestyret	15.10.2019

Sakshandsamar:	Planavdelinga	Marte Hagen Eriksrud
	Arkivnr.: 17/3013	Klassering:

Kommuneplanen sin arealdel for Lindås 2019-2031 - Framlegg til 2. gangs handsaming - planid 1263-201805

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret i Lindås vedtar Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 – planid 1263-201805 – i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med dei endringane som er lagt fram i saka.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Plan- og miljøutvalet.

Saka skal avgjerast i Kommunestyret.

Bakgrunn

I tråd med plan og bygningslova (§§ 11-1) skal kommunen ha ein kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel og ein arealdel. I samfunnsdelen ligg måla og strategiane for samfunnsutviklinga i kommunen generelt, og kommunen si eiga verksemd spesielt. Arealdelen til kommuneplanen avgjer korleis areala i kommunen skal disponerast, og er såleis eit viktig verkemiddel for å nå målsetjingane i samfunnsdelen. I tillegg til kommunens eigne målsetjingar skal arealdisponeringa i arealdelen til kommuneplanen ivareta regionale og nasjonale omsyn.

I Lindås kommune sin planstrategi for 2016-2019 vart ein temarevisjon av arealdelen til kommuneplanen trekt fram som ei prioritert oppgåve. Planprogram for arealdelen til kommuneplanen vart vedteke i kommunestyret 22. mars 2018.

Følgjande hovudtema er handsama i planprosessen:

- Sentrumsutvikling

- Næringsutvikling
- Bustadutvikling
- Landbruk-, natur-, og friluftsområde
- Grønstruktur
- Byggeområde for naust og småbåthamner

Den gjeldande arealdelen for Lindås kommune blei vedteken i 2011, etter ein full revisjon av alle arealføremål. Hausten 2017 vedtok Lindås kommune ny samfunnsdel av kommuneplanen, med ei rekkje satsingsområde som peika på oppfølging i dei overordna arealplanane.

Høyring og merknader

19. juni 2019, i sak 064/19, vedtok plan- og miljøutvalet, å leggje ut planforslaget på høyring og offentleg ettersyn.

Høyringsfrist var 27. august 2019. Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen fekk utsatt frist til 2. oktober.

I høyringsperioden er det arrangert 3 informasjonsmøter;

- Lindås
- Ostereidet
- Knarvik (fellesmøte med kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen)

Merknadshandsaming

Det er kome inn 45 innspel frå privatpersonar, næringsaktørar, lag/organisasjonar og 15 innspel frå offentlege etatar.

Hovudtema i innspel frå offentlege etatar:

- Konkrete innspel til endringar i føresegn og plankart for å ivareta ulike sektormyndigheiter
- Stor bustadreserve i kommunen og innafor planområdet, treng ikkje leggje ut nytt bustadareal
- Særskilte merknader i høve kulturminneinteresser
- LNF-spredd område utan krav til reguleringsplan
- Konkrete innspel til avgrensinga av planarbeidet; kva tema som er rullert/ikkje rullert
- Konkrete innspel til endringar i arealføremål
- Motsegn til planen

Hovudtema i innspela frå privatpersonar, næringsaktørar, lag/organisasjonar:

- Lite ambisiøs i utlegging av nytt areal til bustad og næring
- Konkrete innspel til arealendringar; både innspel som ikkje er tatt med etter gjennomført grovsiling av innspel eller konsekvensutgreiing, samt heilt nye innspel som ikkje har vore vurdert i prosessen.
- Kritikkk av manglande informasjon om høyring av planforslaget

Alle innspela er summert opp og vurdert i vedlegg; KPA_Endrings og merknadsskjema_111019.

Samla oversikt over Rådmannen sin tilråding til endringar etter 1. gangs høyring er summert opp i vedlegg: KPA_Oversikt over forslag til endringar 1 gangs høyring_111019.

Motsegn

Kystverket (12. juli 2019), Hordaland fylkeskommune (vedtak i KIRU 30. september 2019) og Fylkesmannen (i brev datert 2. oktober 2019) har fremja motsegn til planforslaget.

Det er gjennomført dialogmøte med Fylkesmannen 25. september 2019, med deltakarar frå FM, NVE, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune.

Status motsegn

- Kystverket har trukket sitt motsegn i e-post 9. september 2019
- Hordaland fylkeskommune har varsla at endringane er tilstrekkeleg for at motsegn vert trekt, men formell trekking av motsegnet kjem måndag 14. oktober 2019.
- Fylkesmannen; endeleg avklaring er ikkje på plass.

Endringar i planen som følgje av motsegn

Kystverket

- areal for småbåthamn på Feste skal reduserast for å unngå konflikt med farleia.

Hordaland fylkeskommune

- B 8 Leknes vert tatt ut av planen
- Endring i føresegn 4.2.1 Banlegging etter lov om: Naturvern og kulturminne; nytt føresegn sikrar ein betre integrering av områder som er bandlagt etter kulturminnelova (H730), samt omsynet til mellomalderkyrkjestadane på Lindås, Myking og Seim.
- B1 Lindås er redusert slik at den Trondhjemske postvei går utanfor området.
- Endring i føresegn 3.4.7 Eigedom med status som LNF-spreidd: nytt føresegn sikrar søknadsplikt for tiltak, samt at søknad om tiltak skal sendast til kulturminnemynde for uttale.

Fylkesmannen i Vestland

- Føresegn 3.5.3 Havbruk/Akvakultur: Tillegg til føresegn som sikrar at det ikkje kan kome endringar eller nyetableringar før interkommunal plan for akvakultur er på plass.
- BAB 1 Nordre Trongholet: Arealet er redusert for å redusere nedbygging av strandsona.
- Bab 8 Sauvågen: vert tatt ut av planen.
- BAB 15 Tveitastø; Arealet er redusert for å hindre nedbygging av strandsona.
- B 1 Lindås; Arealet er redusert slik at den Trondhjemske postvei går utanfor området, og inngrep i grøntareal er mindre.

Øvrige punkt som var drøfta i dialogmøte med Fylkesmannen 25. september 2019

- Føresegn 3.4.7 Eigedom med status som LNF-spreidd er endra.
- Føresegn 2.6.1 Byggjegranser langs sjø og vassdrag er endra.
- Vurdering av risiko- og sårbarheit i byggjesaksfasen, endeleg avklaring kring ROS er ikkje gjort.

- Vidareføring av eldre reguleringsplanar uendra; Tekst i planskildringa vert lagt til for å gjere greie for dei vurderingane som er lagt til grunn for opplistinga.
- Føresegn; attendemelding på at fleire førsegn er utydelige og/eller ugyldige. Endringar gjennomført i føresegsndokumentet.
- BAB 2 Festevågen; Føresegn 2.2.3 endra med meir presis avgrensing av kva tiltak ein opnar opp for.
- BAB 3 Nappane; Føresegn 2.2.3 lagt inn rekkefølgekav om at detaljplan ikkje kan vedtakast før vedtak om oppheving av reguleringsplan for Nappane ligg føre.
- BAB 4 Nordre Totlandsvika: Arealet vert redusert. Nytt areal skal kun sikre eksisterande naust.
- BAB 11 Eikangervåg; Arealet vert redusert. Nytt areal skal kun sikre eksisterande naust.
- BAB 16 Molvik: Arealet vert redusert.
- LSN 4 Spurkeland Vikinggard; Føresegn 2.2.2 tillegg til tekst om at detaljplan skal ta omsyn til fulldyrka mark ved plassering av tiltak.
- LSN 11 Eidevåg; Føresegn 3.4.6 Endring i føresegn med meir presis omtale av kva tiltak ein opnar opp for.
- B 8 Leknes: Vert tatt ut av planen.

Vurdering

Føresetnadar for planarbeidet og prosess

I planstrategien for Lindås kommune 2016 – 2019 er det lagt inn overordna føringar for prioritering av planarbeid i kommunestyreperioden. Ein sentral føring og føresetnad for planprioritering har vore å førebu kommunesamanslåinga. For å vere best mogleg rusta til å gå inn i ny kommune, er det viktig at Lindås prioriterer planar som skal vere eit viktig utviklingsgrunnlag i den nye kommunen. Det blei derfor vurdert å ta full rullering på kommuneplanen sin samfunnsdel og temavis rullering på kommuneplanen sin arealdel (KPF). Gjeldande arealdel er frå 2011. Samtidig har det vore viktig å ta ei full revidering på kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen. Dette er ein sentral plan for å førebu regional vekst og fortetting rundt regionsenter, som også var ei viktige føring i planstrategien 2016 – 2019.

Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel blei vedtatt i mars 2018, noko som betyr at ein berre har hatt litt over eitt år på sjølve planprosessen. Av erfaring er dette kort tid for å gjennomføre ein planprosess på kommuneplannivå. Det siste året har ein jobba parallelt med kommuneplanen sin arealdel og kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen, der plan- og miljøutvalet har vore politisk styringsgruppe. Styringsgruppa og administrasjonen har jobba med eit klart mål om å kunne vedta begge planar før konstituering av Alver kommune i oktober 2019.

Planane blei lagt ut på 1. gangs høyring 19. juni med åtte vekers høyringsfrist. Planen var å legge sakene fram for endelig avgjerd i kommunestyret 26. september, men det var fleire regionale mynde som bad om forlenga frist. Fylkesmannen og Hordaland Fylkeskommune bad om forlenga frist til 2. oktober, konsekvensen av dette var å utsette kommunestyret si handsaming. Regionale mynde har også kome med fleire motsegn og merknader som kommunen må avklare før kommunestyret kan vedta planane. Regionale mynde som fremjar motsegn må formelt trekke motsegna før kommunestyret kan vedta ein plan.

Proessen med desse planane er påverka av tidsfaktoren og målet om endelig vedtak før Alver kommune blir konstituert. Rådmannen ser at dette har utfordra måten å gjennomføre slike planprosessar på. Ideelt sett skulle ein brukt lengre tid til å handtere, kvalitetssikre og avklare fleire av merknadane som er kome inn, men omsynet til å sikre eit endeleg vedtak av planen i Lindås kommune er vektlagt tungt. Det er viktig at Lindås tar med seg oppdaterte kommuneplanar inn i Alver, desse planane er det juridiske grunnlaget for å utvikle ein stor del av Alver-samfunnet. I tillegg kan det fort gå mange år før Alver kommune vedtar kommuneplanen sin arealdel.

Rådmannen si samla vurdering

Vedlegg; KPA_Oversikt over forslag til endringar etter 1. gangs høyring av planforslaget_111019 viser ei samla oversikt over dei endringane som Rådmannen tilrår. Desse endringane vil ikkje føre til krav om ny høyring av planen. I tillegg har administrasjonen gjort rettingar av språk og endringar i bladbunaden til føresegsdokumentet. Desse endringane er ikkje dokumentert i endringsdokumentet.

I vedlegg til den politiske saka er endringane gjennomført i plankartet og føresegna. Oppdatering av planskildringa vil skje i etterkant av den politiske handsaminga, slik at planskildringa vert oppdatert jamfør endringar i plankart og føresegn.

Rådmannen si tilråding

Rådmannen rår til at planen vert vedtatt, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med dei endringar som er lagt fram i vedlegg: KPA_Oversikt over forslag til endringar etter 1. gangs høyring_111019.

.....

Vedlagte saksdokument:

KPA_2019_Plankart_2gangs_1	316581	11.10.2019
KPA_Føresegner_2 gangs handsaming_111019	316583	11.10.2019
KPA_2019_Planskildring_uendra etter 1gangshøyring	316582	11.10.2019
KPA_2019_KU_uendra etter 1gangshøyring	316580	11.10.2019
KPA_Merknads og endringsskjema_111019	316584	11.10.2019
KPA_Oversikt forslag til endringar etter 1 gangs høyring_111019	316585	11.10.2019
Notat_avklaring av motsegn_FM_101019	316586	11.10.2019
Notat_avklaring av motsegn_HFK_101019	316587	11.10.2019

Aven_Arne	316664	11.10.2019
Avinor	316665	11.10.2019
Bergen kommune	316666	11.10.2019
Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS	316667	11.10.2019
Bergen Sjøfartsmuseum	316668	11.10.2019
BKK Nett	316669	11.10.2019
BKK Produksjon AS	316670	11.10.2019
Botnakraft AS	316671	11.10.2019
Bygdelag Vikanes Romarheim	316672	11.10.2019
Cardo 8614 AS ved Trond Tystad	316673	11.10.2019
Direktoratet for mineralforvaltning	316674	11.10.2019
Dyrkolbotn Leirskule og Fjellstove	316675	11.10.2019
Eide_Kari Iren Romarheim	316676	11.10.2019
Eidsnes_Anders	316677	11.10.2019
Eidsnes_Sigbjørn	316678	11.10.2019
Fiskarlaget Vest	316679	11.10.2019
Fiskeridirektoratet	316680	11.10.2019
Forsvarsbygg	316681	11.10.2019
Furesund_Ole Gunnar	316682	11.10.2019
Furesund_Ole Gunnar_2	316683	11.10.2019
Fylkesmannen_Samordna uttale med motsegn_021019	316684	11.10.2019
Fylkesmannen_Tilbakemelding etter dialogmøte_KPA_091019	316685	11.10.2019
Harris Advokatfirma as på vegne av Øyvind Feste	316686	11.10.2019
Haugen_Kjell	316687	11.10.2019
Hopland_Jan Erik	316688	11.10.2019
Hopland_Terje	316689	11.10.2019
Hopland_Terje_2	316690	11.10.2019
Hordaland fylkeskommune	316691	11.10.2019
Invest in Bergen	316692	11.10.2019
Kystverket	316693	11.10.2019
Kystverket_Trekking av motsegn	316694	11.10.2019
Kålås Bygg ved Lars Hagesæter	316695	11.10.2019
Langesæter_Aril	316696	11.10.2019
Lerøy Vest AS	316697	11.10.2019
Lindås Bygdelag	316698	11.10.2019
Lindås Pensjonistlag	316699	11.10.2019
Mattilsynet	316700	11.10.2019
MDG Alver	316701	11.10.2019
Mellemstrand_Venche	316702	11.10.2019
Molvik_Idar	316703	11.10.2019
Molvik_Idar_2	316704	11.10.2019
Mørch_Steinar	316705	11.10.2019
Nappane Båtlag ved Kristine Allport	316706	11.10.2019
Naturvernforbundet Nordhordland	316707	11.10.2019
Nedreaas_Kjell	316708	11.10.2019
Nedreaas_Kjell_2	316709	11.10.2019
Nordhordland Næringslag	316710	11.10.2019
Nordhordland Næringspark_Eidsnes	316711	11.10.2019
Nordhordland Næringspark_Eikanger	316712	11.10.2019
NVE	316713	11.10.2019
Nystrand_Margareth Johanne	316714	11.10.2019

Olsen_Lorentz	316715	11.10.2019
Ryland_Per	316716	11.10.2019
Ryland_Rune Martin	316717	11.10.2019
Seim Bygg AS	316718	11.10.2019
Seim Eendomsutvikling AS	316719	11.10.2019
Skår Rune Lekven	316720	11.10.2019
Sommerseth_Charles	316721	11.10.2019
Statens vegvesen	316722	11.10.2019
Stusdal_Tore	316723	11.10.2019
Vatshelle_Helge	316724	11.10.2019
Øvreås_Nina Stabell og Oddvar	316725	11.10.2019

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost



Saksframlegg

Saknr:	Utval:	Dato
069/19	Plan- og miljøutvalet Kommunestyret	15.10.2019

Sakshandsamar:	Planavdelinga	Trude Langedal
	Arkivnr.: 15/2147	Klassering:

Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen(2019-2031) med planID 1263-201701 - framlegg til 2.gangs handsaming

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret i Lindås vedtar Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen(2019-2031) – planid 1263-201701 – i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med dei endringane som er lagt fram i saka.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Plan- og miljøutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

I Lindås kommune sin planstrategi for 2016-2019 er førebuing på vekst og fortetting kring regionsenteret Knarvik nemnd som særskilt viktig for kommunen denne perioden. Revisjon av kommunedelplan Knarvik, Alversund med Alverstraumen er trekt fram som ei prioritert oppgåve. Planarbeidet omfattar revisjon av to kommunedelplanar; Knarvik- Alversund og Alverstraumen. Dei to kommunedelplanane er slått saman til eitt planområde, i tillegg er planområdet utvida med området Erstadfjellet-Kvamme-Fosse i nord.

Planprogram for kommunedelplanen vart vedteke i kommunestyret 02.11.2017, sak 092/17.

Følgjande hovudtema er handsama i planprosessen:

Regionsenterutvikling, bustad, næring og sysselsetting, tilknytning til sjø og kystlinja, kommunikasjon og overordna infrastruktur, friluftsliv og rekreasjon, gang- og sykkel og kollektiv, sosial infrastruktur og offentleg areal, landbruk, kulturarv og miljø og klima.

Merknadshandsaming

Det er kome inn 33 innspel frå private, næringsaktørar, lag/organisasjonar og 14 innspel frå offentlege etatar.

Hovudtema i innspel frå offentlege etatar:

- Konkrete innspel til endringar i føresegn og plankart for å ivareta ulike sektormyndigheiter
- Stor bustadreserve i kommunen og innafor planområdet, treng ikkje leggje ut nytt bustadareal
- Særskilte merknader i høve kulturminneinteresser
- LNF-spredd område utan krav til reguleringsplan
- Motsegn til planen

Hovudtema i innspela frå private:

- Kyststi, forslag til endringar av trase, ta ut fase 3 for delar av strekninga
- Ny Alversund bru, kritisk til ny rundkøyring og utforming vegsystem, innspel til fasevis utbygging, må tas større omsyn til kulturminner og kulturlandskap
- Lokalisering av nytt bufellesskap i Skarsvegen
- Isdal felles, ei rekkje innspel knytt til konflikt knytt til drift av LNF /omsynssone friluftsliv/kulturmiljø/ny E39 /grøntstrukturkart/ handtering av folkehelse i plan/planprosess og medverknad
- Kritisk til utbygging i Lonena
- Konkrete innspel til arealendringar

Alle innspela er summert opp og vurdert i vedlegg;

KDP KAA_Merknadsskjema og endringsskjema(vert sendt ut måndag 14. oktober)

Samla oversikt over endringar etter 1. gangs høyring er summert opp i vedlegg:

KDP KAA_Oversikt over endringar etter 1. gangs høyring(vert sendt ut måndag 14. oktober)

Motsegn til planen

NVE, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune har fremja motsegn til planforslaget.

Det er gjennomført dialogmøte med Fylkesmannen 25. september 2019, med deltakarar frå FM, NVE, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Fylkesmannen har ikkje fremja motsegn under forutsetnad at endringane det vart einigheit om i dialogmøtet 25. september vert innarbeidd i planen.

Status motsegn pr. 11 oktober 2019

- NVE trekte si motsegn i dialogmøtet 25. september med bakgrunn i at Lindås kommune hadde endra plankartet for å svare ut motsegna.
- Hordaland fylkeskommune har varsla at endringane er tilstrekkeleg for at motsegn vert trekt, men formell trekking av motsegnet kjem måndag 14. oktober 2019.
- Statens vegvesen; løysing er drøfta og oppsummert i notat, avklaring kjem måndag 14. oktober 2019
- Fylkesmannen; endeleg avklaring er ikkje på plass, forventta avklart den 14. oktober

Endringar i planframlegget etter 1. gangs handsaming

Dei fleste endringane i planframlegget etter 1.gangs handsaming er gjort med bakgrunn varsel om motsegn frå offentlege mynde. Det er gjort nokre mindre endringar i planframlegget med bakgrunn i innspel frå private og uttale frå offentlege mynde. Innspel på endringar som krev ny høyring av planframlegget er ikkje teke med fordi det vil medføre at ikkje planen vert vedteke i Lindås kommune. Dei største endringane i planframlegget er lista opp i neste avsnitt, detaljert oversikt er redegjort for i vedlegg: *KDP KAA_Oversikt over endringar etter 1. gangs høyring(vert sendt ut måndag 14. oktober)*

Endringar i plankartet(med tilhøyrande føresegner)

Norges vassdrag og energiforbund, NVE, varsla motsegn til planframlegget fordi potensiell skredfare mot byggeområde ikkje var tilstrekkeleg teke omsyn til i planen, kjend kunnskap om potensiell skredfare er no innarbeidd i plankartet og motsegna er trekt.

Statens vegvesen varsla motsegn mot 3 utbyggingsområde i planframlegget, med bakgrunn i planframlegget ikkje tek i vare forholdet til trafikktryggleik og framkome på vegnettet i stor nok grad. Motsegna er knytt til tre delområder:

- Næringsområde BN2 Hagalia(BKB2)
- Næringsområde BN3 Gjervik (BKB3)
- Bustadområde i B7 Gjervik

Endringar i planframlegget som følgje av motsegna:

I dialogmøte hjå Fylkesmannen vart det eingheit om å ta ut bustadområde B7, medan BN2 og BN3 kunne vidareførast i planframlegget under forusetnad av at det vert innarbeidd rekkefølgjekrav knytt til infrastrukturiltak for områda, sjå vedlegg; *Notat til SVV for å svare ut motsegn*

Hordaland fylkeskommune(HFK) fremja motsegn til planen på 4 pkt knytt til kulturminne:

- Planframlegget har ikkje god nok sikring av dei nasjonale og regionale kulturminneverdiane i Isdal.
- Område som er bandlagt etter kulturminnelova (H730) er ikkje tilstrekkelig integrert i føresegner.
- To område definert som LNF-spreidd i § 3.4.7 inneheld registrerte automatisk freda kulturminne. Føresegna knytt til arealføremålet opnar opp for tiltak som ikkje kan samordnast med tilstrekkeleg vern av kulturminna på eigedomane.
- Område definert som LNF-spreidd i § 3.4.7, med unntak av dei nemnd i punkt c), må reduserast. Dei aktuelle områda er lista opp i saksutgreiinga.

Endringar i planframlegget som følgje av motsegna:

Omsynssone for kulturmiljø er lagt inn i plankartet i Isdal og §3.4.7 og tabell vedlegg A til føresegnene er endra for å svare ut motsegna, sjå vedlegg; *Notat til Hordaland fylkeskommune for å svare ut motsegn.*

Fylkesmannen har ei rekkje dialogpunkt til planframlegget som vart drøfta i dialogmøtet 25. september.

Endringane i planframlegget som det vart einigheit om er lista opp nedanfor:

Endringar i KDP/KPA:

1. Eigedom med staus som LNF spreidd, føresegn 3.4.7 Eigedom med status som LNF-spreidd, er endra (sjå føresegner).
2. Byggegrense mot vassdrag, føresegn 2.6.1 Byggjegranser langs sjø og vassdrag, er endra (sjå vedlagt føresegnsdokument).
3. Vurdering av risiko- og sårbarheit i byggjesaksfasen, endeleg avklaring kring ROS er ikkje gjort. Forventa avklart den 14. oktober
4. Vidareføring av eldre reguleringsplanar uendra, kommunen har gjort konkrete vurderingar av dei reguleringsplanane som er vidareført uendra og som er lagt inn som omsynssone H910.
5. Føresegn som gjeld unntak av plankrav, sjå føresegner.

Endringar i KDP:

6. Kyststi, fylkesmannen ønskjer plankrav for å sikre , plankrav er lagt inn i føresegnene, men ikkje med krav om samla plan
7. Bustadområdet B7 Gjervik er teke ut
8. LNF – spreidd bustad LSB1 på Kvamme er teke ut av planen
9. Eksisterande område BAB i Kvamsvågen i Tveiteneset er teke ut av planframlegget.
10. Næringsområdet BN1 på Galteråsen, arealet er redusert området i omsynssone friluftsliv teke ut
11. LNF – Spreidd næring LSN3 på Tveiten, arealet er redusert, fulldyrka mark er teke ut.

Sjå vedlegg; *Notat til FM for å svare ut dialogpunkt*

Andre endringar

SPA 1, parkering for turområdet på Erstadfjellet er teke ut etter tilbakemelding frå grunneigar som ikkje ønskjer arealet omdisponert til parkering.

Næringsområda BN2 Hagalia og BN3 Gjervik er endra til kombinert føremål

BN3 Gjervik er endra til kombinert føremål forretning/industri for å opne opp for arealkrevjande handel i samsvar med verksemder som ønskjer å etablere seg der. Det er presisert i føresegnene at det ikkje vert opna opp for detaljhandel i området. Bakgrunn for endringa er uttale frå HFK.

BN2 Hagalia er endra til kombinert føremål næring/tenesteyting for å samsvare med planlagt verksemd, tenesteyting opnar opp for mellom anna konsulentverksemd.

Det er avklart med HFK og fylkesmann at desse arealendingane ikkje krev ny høyring.

Vurdering

Føresetnadar for planarbeidet og prosess

I planstrategien for Lindås kommune 2016 – 2019 er det lagt inn overordna føringar for prioritering av planarbeid i kommunestyreperioden, og planstrategien legg særlig vekt på to sentrale føringar for planprioritering. Den eine føringa er å førebu kommunesamanslåing og den andre er å førebu regional vekst og fortetting rundt regionsenter. For å vere best mogleg rusta til å gå inn i ny kommune, er det viktig at Lindås prioriterer å utarbeide planar som skal vere eit utviklingsgrunnlag inn i den nye kommunen. Det blei derfor vurdert å ta full rullering på kommuneplanen sin samfunnsdel og temavis rullering på kommuneplanen sin arealdel (KPA). For å førebu regional vekst og fortetting rundt regionsenter har det vore viktig å ta ei full revidering på kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen. Dette er ein viktig plan som skal sikre framtidsetta utvikling i sentrale delar av den nye kommunen.

Planprogrammet for kommunedelplanen Knarvik-Alversund med Alverstraumen blei vedtatt 02.11.2017, sak 092/17. Det siste året har ein jobba parallelt med kommunedelplanen og kommuneplanen sin arealdel, der plan- og miljøutvalet har vore politisk styringsgruppe. Styringsgruppa og administrasjonen har jobba med eit klart mål om å kunne vedta begge planar før konstituering av Alver kommune i oktober 2019. Planane blei lagt ut på 1. gangs høyring 19. juni med åtte vekers høyringsfrist. Planen var å legge sakene fram for endelig avgjerd i kommunestyret 26. september, men det var fleire regionale mynde som bad om forlenga frist. Mellom anna bad Fylkesmannen og Hordaland Fylkeskommune om forlenga frist til 2. oktober, og konsekvensen av dette var å utsette kommunestyret si handsaming. Regionale mynde har også kome med fleire motsegn og merknader som kommunen må avklare før kommunestyret kan vedta planane. Regionale mynde som fremjar motsegn må formelt trekke motsegna før kommunestyret kan vedta ein plan.

Arbeidet med desse planane er påverka av tidsfaktoren og målet om endelig vedtak før kommunestyret i Alver kommune blir konstituert. Rådmannen ser at dette har utfordra måten å gjennomføre slike planprosessar på. Ideelt sett skulle ein brukt lengre tid til å handtere, kvalitetssikre og avklare fleire av merknadane som er kome inn, men omsynet til å sikre eit endeleg vedtak av planen i Lindås kommune er vektlagt tungt. Det er viktig at Lindås tar med seg oppdaterte kommuneplanar inn i Alver, det kan fort gå mange år før Alver kommune vedtar nye overordna arealplanar.

Rådmannen si samla vurdering

Kommunedelplan for Knarvik –Alversund med Alverstraumen har mål og føringar som i det vesentlege er i samsvar med ønska regional utvikling og med regionale planar. Kommunedelplanen følgjer opp mål og strategiar i nyleg vedteken samfunnsdel.

Det vert lagt til rette for ny Alversund bru og gjennomføring av kyststi frå Alversund til Knarvik. Nytt sentrumsnært næringsareal i Gjervik og utviding av Galteråsen styrkar regionsenterutviklinga mao ved at verksemder som skal flyttast ut av sentrum kan finna ny attraktiv lokalisering.

Omsyn til friluftsliv, landskap og nærområde er ivareteke med kyststien, at det det er lagt inn omsynssone friluftsliv med føresegnar som skal ivareta friluftssinteressene i dei sentrale natur – og friluftsområda.

Det er gjort endringar i føresegnene som skal redusere talet på dispensasjonssøknadar for bebygde eigedommar i LNF. Felles utforming av føresegnene med kommuneplanens arealdel gjer sakshandsaminga meir forutseieleg for innbyggjarane.

Vedlegg til saka:

- Plankart(oppdaterert etter 1. gangs høyring)
- Føresegnar(oppdaterert etter 1. gangs høyring)
- Planskildring (uendra – vert oppdatert iht endringsskjema)
- Konsekvensutgreiing (uendra – same som var på høyring)
- Ros-analyse(uendra)
- KDP KAA_Merknadsskjema og endringsskjema(vert sendt ut måndag 14. oktober)
- KDP KAA_Oversikt over endringar etter 1. gangs høyring(vert sendt ut måndag 14. oktober)
- Vegplan ny Alversund bru(uendra)
- Forstudie kyststi(uendra)
- Notat til Hordaland fylkeskommune for å svare ut motsegn
- Notat til FM for å svare ut dialogpunkt
- Notat til SVV for å svare ut motsegn
- Opplasting av alle innspel

Rådmannen si tilråding

Rådmannen rår til at planen vert vedtatt, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med dei endringane som går fram av vedlegg *KDP KAA_oversikt over endringar etter 1 gangs høyring*

Nb. Dette vedlegget vert ettersendt måndag 14. oktober.

.....

Vedlagte saksdokument:

1263-201701_KDP_Kn-AlvStraum_2019_Plankart-2 gangs	316589	11.10.2019
FøresegnKDPKAA_oppdaterert etter 1.gangs høyring	316590	11.10.2019

KDP Knarvik-A med Alverstraumen Planskildring HØYRING	316591	11.10.2019
Notat_avklaring av dialogpunkt fylkesmannen	316592	11.10.2019
Notat_avklaring av motsegn fra SVV	316593	11.10.2019
Notat_avklaring av motsegn_HFK	316594	11.10.2019
Forstudie kyststi	296418	11.10.2019
rapp_Vegplan ny Alversund bru 07-12-2018	296421	11.10.2019
2019-06-07_RD03_ROS-analyse_KDP	296422	11.10.2019
KDP Knarvik-A med Alverstraumen Konsekvensutgreiing	296451	11.10.2019

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost